



Endre Romarheim
Romarheimsneset 32
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1220 - 19/13000

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
25.04.2019

Ferdigattest einebustad - gbnr 217/78 Romarheim

Administrativt vedtak. Saknr: 241/19

Tiltakshavar: Endre Romarheim

Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.07.2017 og løyve til endring datert 22.09.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.04.2019.

Skildring

Adresse:	Romarheim 80
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300642520
Bruksareal:	260m ²
Avlaup:	Privat anlegg, med reinsing i slamavskiljar og utslepp via felles leidning til sjø
Vatn:	Privat vassforsyning frå borehol
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 217/78. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1220

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Endre Romarheim

Romarheimsneset 5994
32

VIKANES

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ